



DET KONGELIGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgate 22
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
25/4570-

Dato
3. oktober 2025

Spørsmål nr. 3200 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Alfred Jens Bjørlo til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård

Spørsmål:

Kan Samferdsleministeren lage ei oversikt over samla beløp brukt til investeringsformål innanfor høvesvis vegtransport, jernbanetransport og sjøtransport (havner og farleder) siste 10-årsperiode (2016–2025) og siste 4-årsperiode (2022–2025) - sett opp mot andelen av samla persontransport og godstransport for desse tre transportformene?

Svar:

Oversikten i tabellen under viser utgifter/løyvingar til investeringar i statleg infrastruktur innanfor høvesvis veg-, jernbane- og sjøtransport (hamner og farleier og navigasjonsinfrastruktur) siste 10-årsperiode (2016–2025) og siste 4-årsperiode (2022–2025), i faste 2025-prisar, sett opp mot delen av samla transportarbeid for person- og godstransport for dei tre transportformene:

	Investeringar i statleg infrastruktur i mrd. 2025-kr		Prosentdel av samla transportarbeid, perioden 2016–2024*	
	2016–2025	2022–2025	Godstransport (tonnkm)	Persontransport (personkm)
Vegtransport	240,7	91,5	52,3 %	86,3 %
Jernbanetransport	168,8	75,9	5,1 %	4,3 %
Sjøtransport	5,5	2,2	42,6 %	1,5 %

* Kjelde for «Del av samla transportarbeid, perioden 2016–2024»: SSB, innanlandsk transport, tabell 03982 for persontransport og tabell 11403 for godstransport, jf.

<https://www.ssb.no/transport-og-reiseliv/landtransport/statistikk/innenlandsk-transport>.

Internasjonal transport er ikkje medrekna. Del av transportarbeidet er rekna for sum av transportarbeid i perioden 2016–2024.

For persontransport utgjer forstadsbanar og sporvegar, og lufttransport høvesvis 1,1 pst. og 6,8 pst. av persontransportarbeidet, men inngår ikkje i tabellen over.

For godstransport er det rekna transportarbeid inkludert kabotasje og del av «fastlandstransport i alt», dvs. transport frå norsk kontinentalsokkel, er ikkje rekna med. Under «fastlandstransport i alt» utgjorde lufttransport om lag 0,02 pst. av godstransportarbeidet i perioden 2016–2024.


Beløpa for investeringar i statleg infrastruktur er samansette tall, og oversikten viser overordna kategoriar for investeringar. Over ein periode på 10 år gjer ulike tekniske budsjettjusteringar det noko krevjande å samanlikne statlege utgifter/løyvingar innan og mellom sektorane, mellom anna grunna endringar i poststruktur og oppretting av nye verksemdar. I statsbudsjettet blir meirverdiavgift handtert ulikt mellom sektorane, og det er ikkje korrigert for dette.

Fornyng av jernbaneinfrastruktur har i perioden i ulik grad vore budsjettet som mindre investeringar og som vedlikehald. Det er ikkje korrigert for endra budsjettering av fornyingstiltak.

For vegtransport viser tabellen utgifter/løyvingar til riksveginvesteringar på kap. 1320 Statens vegvesen og løyvingar til kap. 1321 Nye Veier AS. Løyvingane til Nye Veier AS omfattar òg utgifter til drift og vedlikehald av dei vegane som selskapet har ansvaret for. Det er det ikkje korrigert for i tabellen over. Tilsvarende inngår det òg i løyvingane til Statens vegvesen nokre utgifter til drift og vedlikehald av strekningar som blir drivne gjennom avtaler om offentleg-privat samarbeid (OPS), noko som det heller ikkje er korrigert for i tabellen. I 2022 blei det under Nye Veier AS løyvd 0,5 mrd. kr (om lag 0,6 mrd. 2025-kr) til planlegging av fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 Skaret–Høgkastet–Hønefoss. I tabellen over er fellesprosjektet rekna som investeringar til vegtransport.

I 2016 og 2017 blei delar av løyvinga til investeringar under Nye Veier AS gitt som tilskot til eigenkapital. Delar av løyvinga til investeringar under Bane NOR SF blei òg gitt som kapitalinnskot i føretaket i 2017. Tilskot til eigenkapital og kapitalinnskot er ikkje rekna med i tabellen over.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård